



HARAM
KOMMUNE
RÅDMANNEN

2006 146

| | |
|-----------------------|---------------|
| Kultur- og kirke-dep. | |
| H | |
| Saksnr. 200605491 | Dato 30.11.06 |
| Kode Ki-501 | Bch |

Kultur- og kirke departementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

| | | | | |
|---------------|------------|----------|-----------|------------|
| Vår ref. | Dykkar ref | Saksnr. | Arkivkode | Dato |
| 008587/06/EAM | | 06/00784 | 02 C7 | 29.11.2006 |

Melding om vedtak frå møtet i Kommunestyret den 23.11.2006.

Saknr: **73/06**
Sakstittel: **MELDING OM POLITISK VEDTAK - STAT/KYRKJE - HØYRING**

Haram kommunestyre har vedteke å uttale seg om spørsmål 2, 3 og 4 i skjema til høyringsinstansane. Følgjande alternativ fekk flest røyster:

Den norske kyrkje bør fortsette som statskyrkje.

Den norske kyrkje bør vere forankra i Grunnloven.

Den norske kyrkje bør finansierast offentleg utan medlemsavgift.

To separate framlegg frå Haram AP (4 røyster) og Haram KRF (7 røyster) vert også vedlagt høyringsuttalen.

Skulle noko vere uklart, eller De ønskjer ytterlegare opplysningar, ta gjerne kontakt med underteikna hos seksjon for forvaltning.

Med helsing

Elin A. Moen

Elin A. Moen
seksjonsansvarleg

Vedlegg:

1. Saksprotokoll.
2. Utfylt spørreskjema.
3. Framlegg frå Haram KRF.
4. Framlegg frå Haram AP.

Saksprotokoll

Utval: **Kommunestyret** **A**
Møtedato: **23.11.2006**
Sak: **73/06**

Arkivsak: **06/00784**
Tittel: **SAKS PROTOKOLL: STAT/KYRKJE - HØYRING**

Behandling:

Gabriel Ølstørn sette fram KRF sitt framlegg slik:

1. Haram kommunestyre meiner at det er på tide å ta eit nytt skritt i Den kyrkjelege reformprosessen og endre forholdet mellom staten og Den norske kyrkja.

Forholdet mellom staten og Den norske kyrka må ivareta omsynet til trus- og livssynsfridomen, styrkje Den norske kyrka som trus-samfunn og folkekyrkje, og fremje trus- og livssynssamfunna si rolle i det offentlege rom.

Den norske kyrka blir vidareført som ei landsdekkjande, open og inkluderande folkekyrkje, med dåpen som einaste medlemskriterium, og med ein demokratisk struktur.

Kommunestyret legg vekt på at det skal være kontinuitet i kyrkja sitt forhold til medlemmer, lokalsamfunn og storsamfunn.

Kommunestyret går inn for at Den norske kyrkja blir organisert som ei lovforankra folkekyrkje. Dette inneber at det direkte statlege kyrkjestyret blir avvikla, og dei lovføresegnene i grunnlova som heimlar dagens statskyrkjeordning blir oppheva eller endra. Den norske kyrkja blir eit eige rettssubjekt som ved sine valde organ sjølv fastset si Kyrkeordning.

Ei tilknytning mellom staten og Den norske kyrkja blir oppretthalde ved at Den norske kyrkja får eit særskild lovgrunnlag. Dette må utformast slik at kravet om ikkje-diskriminering av andre trus- og livssynssamfunn blir ivareteke.

Retten til å utnemne biskopar og prostar, og anna myndigheit som i dag ligg til det statlege kyrkjestyret, blir som ein konsekvens av dette, overført til kyrkjelege organ.

Kommunestyret vil peike på at oppslutning om Den norske kyrka i folket og kyrkjas historiske og aktuelle verdi for kultur og samfunnsliv grunngir at ho i sitt forhold til staten blir gitt ei viss særstilling i høve til andre trus- og livssynssamfunn.

2. Kommunestyret forutset at staten held fram med å føre ein aktiv støttande trus- og livssynspolitikk og tar ansvar for finansiering av trus- og livssynssamfunna si verksemd, slik at det blir lagt til rette for at tru og livssyn framleis kan tre fram også i det offentlige rom.

Trus- og livssynsfridomen må sikrast både som individuell og kollektiv rett.

Ein ber Regjeringa om å setje i gang utgreiing av ein samla trus- og livssynspolitikk.

3. Kommunestyret støtter Stat – kyrkje-utvalet sitt framlegg om ein verdiparagraf i Grunnlova som viser til den kristne og humanistiske arv.
4. Kommunestyret legg stor vekt på at demokratiet i kyrkja må utviklast vidare med tiltak som kan utløyse større deltaking og engasjement.
5. Kommunestyret går inn for ei finansieringsordning basert på offentlege løyvingar, men med ei endring av ansvarsfordelinga mellom stat og kommune slik at staten får eit finansielt hovudansvar.
6. Kommunestyret vil at gravferdsforvaltinga framleis, som normalordning, skal liggje i kyrkeleg fellesråd.
7. Kommunestyret går inn for at lokalt kyrkeleg eigarskap av kyrkjebygga held fram med særskilde tilskotsordningar for freda og verneverdige kyrkjer.
8. Kommunestyret ser på Opplysningsvesenets fond som et kyrkjeleg fond. Dette blir overført til Den norske kyrkja.

Trond Seth sette fram Haram Ap sitt framlegg:

Haram kommunestyre meiner statskyrkjeordninga bør avviklast i Noreg. Noreg er eit fritt demokratisk samfunn der alle er like for loven, og ingen skal behandlast annleis på grunn av etnisk bakgrunn, tru, livssyn eller kjønn.

Haram kommunestyre meiner at Den norske kyrkje må organiserast som ei sjølvstendig folkekyrkje og dermed sidestillast med andre norske tru- og livssynsamfunn. Grunnlova sine paragrafer om statskyrkja må fjernast og erstattast av ein eigen lov som gjeld likt for alle.

Haram kommunestyre meiner spørsmålet om ei slik endring ikkje egner seg for folkeavstemming, da det vil kunne krenke mindretallet sine rettar. Eit fleirtal kan ikkje rettferdiggjere forskjellsbehandling pga tru og livssyn.

Haram kommunestyre meiner at gravferdsordninga og ansvaret for gravplassane må overtakast av det offentlige, ved kommunane.

Ordførar Oddbjørn Vatne lanserte som framgangsmåte først å røyste over over dei to framlegga frå KRF og AP. Deretter å røyste over spørsmål 2, 3 og 4 i spørsmålsskjemaet til høyringsinstansane. Kommunestyret godkjente dette. 36 av 37 representantar var til stades under røystinga.

Framlegget frå KRF fekk 7 røyster.

Framlegget frå AP fekk 4 røyster.

Spørsmål 2 - Den norske kyrkje som statskirke:

Bør fortsette: 18 røyster

Bør avvikles : 16 røyster

Vet ikkje/ønsker ikkje svare: 2 røyster

Spørsmål 3 - I hvilken lov bør Den norske kyrkje være forankret?

Grunnloven: 17 røyster

Egen kirkelov vedtatt av Stortinget: 12 røyster

Lov om trossamfunn: 5 røyster

Vet ikkje/ønsker ikkje å svare: 2 røyster

Spørsmål 4 - Hvordan bør Den norske kyrkje finansierast?

Gjennom medlemsavgift: 1 røyst

Medlemsavgift med noe støtte frå det offentlige: 5 røyster

Støtte frå det offentlige og med noe medlemsavgift: 11 røyster

Offentlig finansiering utan medlemsavgift: 19 røyster

Vet ikkje/ønsker ikkje å svare: 0 røyster.

Vedtak:

Haram kommunestyre har vedteke å uttale seg om spørsmål 2, 3 og 4 i skjema til høyringsinstansane. Følgjande alternativ fekk flest røyster:

Den norske kyrkje bør fortsette som statskyrkje.

Den norske kyrkje bør vere forankra i Grunnloven.

Den norske kyrkje bør finansierast offentleg utan medlemsavgift.

To separate framlegg frå Haram AP (4 røyster) og Haram KRF (7 røyster) vert også vedlagt høyringsuttalen.

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: HARAN KOMMUNESTYRE

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Framlegg til vedtak frå Haram KrF i sak 73/06 STAT/KYRKJE – HØYRING:

1. Haram kommunestyre meiner at det er på tide å ta eit nytt skritt i Den kyrkjelege reformprosessen og endre forholdet mellom staten og Den norske kyrkja.

Forholdet mellom staten og Den norske kyrka må ivareta omsynet til trus- og livssynsfridomen, styrkje Den norske kyrka som trus-samfunn og folkekyrkje, og fremje trus- og livssynssamfunna si rolle i det offentlege rom.

Den norske kyrka blir vidareført som ei landsdekkjande, open og inkluderande folkekyrkje, med dåpen som einaste medlems-kriterium, og med ein demokratisk struktur.

Kommunestyret legg vekt på at det skal være kontinuitet i kyrkja sitt forhold til medlemer, lokalsamfunn og storsamfunn.

Kommunestyret går inn for at Den norske kyrkja blir organisert som ei lovforankra folkekyrkje. Dette inneber at det direkte statlege kyrkjestyret blir avvikla, og dei lovføresegnene i grunnlova som heimlar dagens statskyrkjeordning blir oppheva eller endra. Den norske kyrkja blir eit eige rettssubjekt som ved sine valde organ sjølv fastset si Kyrkeordning.

Ei tilknytning mellom staten og Den norske kyrkja blir oppretthalde ved at Den norske kyrkja får eit særskild lovgrunnlag. Dette må utformast slik at kravet om ikkje-diskriminering av andre trus- og livssynssamfunn blir ivareteke.

Retten til å utnemne biskopar og prostar, og anna myndigheit som i dag ligg til det statlege kyrkjestyret, blir som ein konsekvens av dette, overført til kyrkjelege organ.

Kommunestyret vil peike på at oppslutning om Den norske kyrka i folket og kyrkjias historiske og aktuelle verdi for kultur og samfunnsliv grunngir at ho i sitt forhold til staten blir gitt ei viss særstilling i høve til andre trus- og livssynssamfunn.



Arbeiderpartiet

SAMMEN
- for å skape og å dele

Haram kommunestyret har gjort fylgjande vedtak

Haram Kommunestyre meiner Statskyrkeordninga bør avviklast i Noreg.

Noreg er eit fritt demokratisk samfunn der alle er like for loven, og ingen skal behandlast annleis på grunn av etnisk bakgrunn, tru, livssyn eller kjønn.

Haram kommunestyre meiner at Den Norske Kyrke må organiserast som ei sjølvstendig folkekyrke og dermed sidestilles med andre norske tru - og livssynsamfunn. Grunnlova sine paragrafer om Statskyrken må fjernast og erstattast av ein egen lov som gjeld likt for alle.

Haram Kommunestyre meiner spørsmålet om ei slik endring ikkje egner seg for folkeavstemming da det vil kunne krenke mindretalet sine retter. Et fleirtal kan ikkje rettferdiggjøre forskjellsbehandling p.g.a. tru og livssyn.

Haram Kommunestyre meiner gravferdsordninga og ansvaret for gravplassane må overtakast av det offentlige, ved kommunane.

Haram AP.

FRIDOM

LIKSKAP

SOLIDARITET